



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Ole Bakkebø, 55 57 21 40

Vår dato
06.10.2017

Vår referanse
2017/12128 053

Kommunane i Hordaland
v/rådmennene

Spørsmål om status/utfordringar på IKT- området og om digitalisering av tenester i kommunal sektor.

Fylkesmannen ynskjer svar på nokre spørsmål om desse to tema til rådmennene som underlag for ein presentasjon av status på Solstrandkonferansen 1. og 2. november:

1. Kor mange årsverk arbeidar med oppgåver knytt til IKT -drift og digitalisering i din kommune?
2. Kva kommunar er det inngått formelle samarbeidsavtaler med på IKT-området?
3. Kva utfordringar har kommunen på IKT-området, spesielt med tanke på kapasitet, kompetanse og tryggleik?
4. Kva tiltak må til for at kommunen skal "henge med", både på drifts- og utviklingssida (digitalisering av tenester) ?
5. Er det funksjonar, tenester eller oppgåver på området som kan løysast på ein meir effektiv måte med regionale/fylkesvise løysingar?
6. Kva kan Fylkesmannen og KS bidra med i desse prosessane?

Det vil vere bra om rådmennene tek seg tid til å svare underskrivne på e-post innan 17. okt. Det er ynskjeleg og tilstrekkeleg med korte og stikkords- prega svar. Som supplement til e-post kan rådmennene velje å verte opprindt for ein gjennomgang av spørsmåla. Gje raskt melding om kva som er mest hensiktsmessig. Svar vert komprimert og presentert på Solstrand utan referanse til kommune. Vedlagt er det laga til eit kort bakgrunnsnotat som tek for seg bakrunnen for dette initiativet og henvisning til nokre sentrale offentlege dokument og styringssignal.

Lykke til med arbeidet.

Med venleg helsing

Ole Bakkebø
Fagdirektør
kommunereforma

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

Bakgrunnsnotat for desse spørsmåla om status og utfordringar knytt til IKT og digitalisering.

1. Etter at kommunereformprosjektet si første fase var avslutta i 2016, bestemte styret i KS Hordaland og Fylkesmannen på nyåret i 2016, at FM i lag med KS at vi skulle fylgje opp kommunane: I særleg dei grad gjaldt det dei kommunane som ikkje slo seg saman med andre kommunar og i område der etablert samarbeid på mange tenesteområde kunne felle bort som følge av samanslåingar.
2. Kjernen i dette initiativet frå FM/KS er IKT og digitalisering av tenester er sjølv grunnmuren i kommunen sitt arbeid med modernisering, effektivisering, innovasjon og publikumsorientering. På dette feltet er det ikkje ynskjeleg med for stort strekk i laget – korkje på kort eller lang sikt. IKT og digitalisering i seg sjølv inviterer til breitt kommunenesamarbeid for å kunne handtere store felles utfordringar knytt til kompetanse, kapasitet, standardisering og implementering av fellesløysingar.
3. Ser vi bort i frå dei 3 kommunane Bergen, Askøy og Kvinnherad og dei 5 nye kommunane (gjsn 26-27.000 innb), har dei resterande 17. kommunane knapt 4000 innbygg pr kommune. Kommunereforma deler på sett og vis fylket i» 2 lag» : Bergen og store eller samanslegne kommunar og dei øvrige relativt små kommunane. Dette samansette biletet av kommunesektoren i fylket skaper i seg sjølv utfordringar på mange felt og i særleg grad IKT og digitalisering.
4. KommiT-rådet skal no etablere ei finansieringsordning for å nå målsetjingane om auka digitalisering i forvaltningsrommet mellom stat, kommune og ulike sektorar. Staten deltek i dette fondet med inntil 125 mill. og det vil få ei øvre ramme på 250 mill. kroner avhengig av kor mange kommunar/fylkeskommunar som sluttar seg til prosjektet. Deltaking i fondet vil forsterke kommunane sin rolle i samarbeidet med leverandørar og staten. Berre dei kommunar som sluttar seg til fondet, har høve til å nyttiggjere seg fellesløysingar som er utvikla og finansiert av fondet. Fristen for å delta i dette prosjektet er sett til 20. des. -2017.
5. KMD har i rundskriv av 14/8-2017 (IKT-strategi for fylkesmennene 2017-2022 pkt 1.4), gjeve fylkesmennene ein pådrivarrolle for digital utvikling i kommunane. Fylkesmannen vil gjennom denne rolla bidra til at desse problemstillingane og utfordringane i vert sett på den kommunale dagsorden og i særleg grad knytt til trøngen for samarbeid over kommunegrenser.
6. Rundskrivet bygger på mellom anna på Meld. St.27 (2015/2016) – «Digitaliseringsmeldinga». Stikkord her er mellom anna trøngen for fellesløysingar mellom stat/kommune, at statlege organ tek større ansvar for å utvikle tenester som kommunane kan bruke og trøng for styring og samordning av digitaliseringsarbeidet – i særleg grad digitalisering av oppgåver som vert løyst på tvers i ulike sektorar i offentleg forvaltning.
7. Våren 2017 innvilga Fylkesmannen ei rekke prosjektsøknader knytt til IKT/digitalisering i Nordhordland, Bergensregionen, Sunnhordland, Hardanger og Voss. Dei aller fleste kommunane i Hordaland er dermed invitert inn til utviklingsprosjekt i 2017, der grunnmuren er samarbeid og utvikling på tvers av kommunegrenser .

8. Kommunesektorens arbeidsgjevarmonitor for 2017(KS) syner at 37 av kommunane har - eller er i ferd med - å utvikle ein innovasjonsstrategi for kommunen, vidare at større kommunar prioriterer dette arbeidet, at samarbeid gjev betre utteljing, at ny bruk av teknologi fremjar innovative løysingar og at digitalisering vert høgast prioritert i større kommunar. Dette er nytige bakgrunnsinformasjon for eit fylke med no så vidt ulike kommunestorleikar som vi har og ytterlegare vil få etter 2020.

9. Dei 13 samanslegne kommunane vil som følgje av fusjonsprosessane nødvendigvis setje i gang fellesprosjekt for utvikle og implementere ei felles IKT- plattform innan 1.1.2020 for å møte morgondagens utfordringar. Som følgje av endringar i interkommunalt samarbeid i kjølvatnet av reforma, er gjerne tida moden også for øvrige kommunar til å setje desse to tema på dagsorden.

10. KS og FM har sett IKT og Digitalisering på dagsorden på KS sitt haustmøte 24. oktober og på fylkesmannen sitt Solstrandmøte 1. og 2. november. På Solstrandmøtet vil vi presentere oppdatert status på dette feltet for kommunesektoren i Hordaland. Responsen på det tilsendte brevet til rådmennene vert grunnlaget for denne statusen som skal presenterast på Solstrand.

11. Frå 1.1 2019 vert Hordaland og Sogn og Fjordane slege saman til eit fylkesmannsdistrikt med 43 kommunar og solide kunnskapar om status og utfordringar på IKT og digitaliseringsfeltet er grunnmuren i arbeidet med å utvikle ein framtidsretta strategi.